

**REFERAT/NOTAT - KOMMUNEREFORM****Møte på Rådhuset i Hornindal**

24.08.2017 kl. 13.30

**Til stades:**

Rune Sjurgard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Asbjørn Moltudal Ass. rådmann Volda

Hovudtillitsvalt Delta Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalt Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

**Agenda:**

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<b>1. Gjennomgang av framdriftsplan - milepelar</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Heraldiknemnda kjem med si innstilling til nytt kommunevåpen 15. oktober. Frist for innsendte forslag er 1. september.</li> <li>2. Vi ventar på at Nye Volda skal fattast i kongeleg resolusjon så raskt som råd, slik at kommunen får organisasjonsnummer og at ein dermed offisielt har juridisk eigarskap til den nye kommunen.</li> <li>3. I samband med å byte fylkesmann (for Hornindal) må ein ha alt på plass før ein kan gripe inn i fylkesstrukturen. Det skjer ikkje før 1.1.2020. Forhåpentlegvis kan ein få til pragmatisk løysing fram til då. Forslag om å møte Vigdis Rotlid Vestad saman med fylkesmannen i Sogn og Fjordane for å finne ei praktisk løysing.</li> <li>4. Administrativ organisering – hovudstruktur skal vere på plass rundt mars/april 2018. Ein må då starte å rekruttere inn i den nye kommunen, for å finne ut kva sektorane skal heite og korleis dei skal vere organiserte.</li> <li>5. Volda kommune skal evaluere seg sjølve som organisasjon (SWOT). Dette skjer 12. september.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Temakomite for kommunenamn og heraldikk</li> <li>2. RS/AM følgjer opp</li> <li>3. RS/AM følgjer opp med Vigdis</li> <li>4. RS/Personalavd.</li> <li>5. Personalavd.</li> </ol>

Aktivitet 2. Saker til møte i fellesnemnda 14. september	Ansvarleg oppfølging
<p>Saker som skal opp til handsaming i fellesnemnda 14. september;</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Styrking av prosjektorganisasjon: Særleg behov for styrking av ressursar på arkiv og IKT. Innspel om at det framover er viktig å presisere i stillingsutlysingar i eksisterande kommunar at organisasjonen er i ei omstillingsfase, og at arbeidsstad <i>kan</i> bli endra etter 01.01.2020.</li> <li>2. Prosess på organisering av næringsliv: Drøftingssak utan vedtak i denne omgang. Må ta ein del rundar på saka.</li> <li>3. Strategiske satsingar Nye Volda: Drøfte og få innspel på dette. Forslag på tre satsingsområder er; <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Sysselsetting</li> <li>b. Kompetanseutvikling</li> <li>c. Digitalisering</li> </ol> </li> <li>4. Kommunikasjonsplan: Forslag til kommunikasjonsplan som skal bli nytta fram til 01.01.2020.</li> <li>5. Kulturplan: For å jobbe vidare med kulturbygging, vil det vere fornuftig å setje ned ei arbeidsgruppe som til dømes re sett saman av frivilligsentralane i H og V, og representantar frå ungdomsråd/elevråd, eldreråd og lag og organisasjonar.</li> <li>6. Budsjettkorrigerings: Økonomisjef i Volda Kari Mette Sundgot lagar ei oversikt som blir lagt fram.</li> <li>7. Orienteringssaker: <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Søknad om utgreiing av grensejusteringar ved Maurset/Markane, og eventuell søknad om utgreiing av grensejustering for Bjørke.</li> <li>b. Fylkesmanntilknytning.</li> <li>c. Frikjøp.</li> <li>d. Eventuell støtte til kyrkjeleg fellesråd i samband med kommunesamanslåing.</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. RS/Personal</li> <li>2.</li> <li>3. RS/fellesn.</li> <li>4. JR</li> <li>5. AM</li> <li>6. KMS</li> <li>7. RS/AKL</li> </ol>

Aktivitet 3. Planleggingsfasen - Mandat nye arbeidsgrupper	Ansvarleg oppfølging
<p>Medlemmene i styringsgruppa vart utfordra av prosjektleiar til å kome med idear til grupper/område som må prioriterast i første omgang. Derfrå skal det utarbeidast ein mal/forslag til mandat. Styringsgruppa har frist til torsdag 31. august med å kome med innspel til mandat.</p>	<p>RS/Styringsgruppa</p>

Aktivitet 4. Infrastrukturmidlar - 4 mill til fiber og buskommunikasjon	Ansvarleg oppfølging
<p>For at arbeidet med å få lagt fiber skal bli billegare, er det ønskeleg å kople seg på vegvesenets system. Det vert jobba med å finne ei god løysing.</p>	<p>Edvin Løfoll</p>

Aktivitet 5. Interkommunale selskap og avtaler	Ansvarleg oppfølging
<p>I Volda føler Rune Sjugard at ein har relativt god oversikt over alle avtalar kommunen har. På grunn av pressa kapasitet på arkiv er det litt meir jobb i Hornindal som står att.</p> <p>Alle avtalane i dei to kommunane må i utgangspunktet seiast opp ettersom kommunane vil opphøyre. Alle avtalane må derfor gåast gjennom og så avgjere kva for nokre av avtalane som skal vidareførast i den nye kommunen.</p> <p>Asbjørn sjekkar ut korleis dette er gjort i andre samanslåingsprosessar, jfr seminar hos fylkesmannen i Møre og Romsdal 1. september.</p>	<p>RS/AKL</p> <p>AM</p>

Aktivitet 6. Overgangsordning mot Møre og Romsdal	Ansvarleg oppfølging
<p>Det er utfordrande at Hornindal skal forholde seg til fylkesmannen i Sogn og Fjordane i tenesteyting, samt Helse Vest og fylkeskommunen. Hadde vi fått ei avklaring sentralt om at også Hornindal forhold seg til fylkesmannen i Møre og Romsdal, så kunne ein t.d inngått vertskommuneavtale der ein kunne ha samla skuledrifta for begge kommunane under ei leing.</p> <p>Rune Sjugard har snakka med fylkesmann Lodve Solholm som meinte at dette bør vere mogleg, og at vi berre kan reise problemstillinga. Dette bør gjerast etter forankring i fellesnemnda, jfr sak 1.3 ovanfor.</p>	<p>RS</p>

Aktivitet 7. Kyrkja sin del av eingongstilskotet	Ansvarleg oppfølging
<p>Kommunaldepartementet har i skriv formidla at Kyrkja skal få dekt kostnader med si reform av midlane som vert tildelt kommunane.</p> <p>Prosjektleiar Sjugard føreslår at kommunane dekkjer dei eventuelle kostnadane som feller innanfor det kommunale ansvaret.</p>	<p>RS/AKL</p>

Aktivitet 8. Regionsentertilskot	Ansvarleg oppfølging
<p>Volda får tildelt kr. 1 695 000, medan Hornindal får kr. 225 000. Dette vert utbetalt i september, og kommunane står i utgangspunktet fritt til å disponere dei slik det vil. Det er derfor naturleg at desse midlane</p>	<p>Økonomiavd.</p>

går inn dei kommunane sine budsjett og ikkje til samanslåingsprosjektet. Dette må følgjast opp av økonomiavdelingane ved budsjettkorrigering.	
---	--

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<b>9. Grensejustering Bjørke - prosess</b>	
<p>Det vert invitert til ein folkemøte der rådmennene i Hornindal, Ørsta og Volda møter og svarer på spørsmål. Søknad om utgreiing av grensejustering kan sendast inn av ein innbyggjar, ei gruppe innbyggjarar, bedrift, kommunestyre eller fylkesting. Slik søknad er så langt Hornindal og Volda kommune er kjende med ikkje sendt. Inndelingslova regulerer korleis slike søknader skal handsamast der fylkesmannen er ansvarleg for koordinering av sakshandsaminga. Det er såleis også naturleg at Ørsta kommune avklarar prosessen med fylkesmannen, og om fylkesmannen også får høve til å delta på folkemøtet for å orientere om sakshandsamingsprosedyrene.</p>	<p>RS AKL</p>

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<b>10. Prosess ny administrasjonsstruktur for Nye Volda</b>	
<p>Volda kommune skal evaluere den administrative hovudstrukturen 12. september. Prosjektleiari synest det hadde vore fint om Hornindal også gjer ei liknande evaluering.</p> <p>Målsettinga er å ha på plass ny administrativ hovudstruktur til påske i 2018. Under vegs må det vere prosessar på m.a:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva verdiar skal administrasjonen ha?</li> <li>• Kva utfordringar møter den nye kommunen?</li> <li>• Kva leiari filosofi skal den nye kommunen byggje på?</li> <li>• Korleis vil ein organisere seg politisk?</li> </ul> <p>Den administrative styringsgruppa koordinerer prosessen og fungerer som styringsgruppe, set ned ev arbeidsgrupper og brukar personalavdelingane som prosjektleiara.</p>	<p>RS AKL Personalavd.</p>

<b>Aktivitet</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<b>11. Kontorkapasitet</b>	
<p>Rune Sjurgard orienterte om at rådhuset i Volda er pressa på kontorkapasitet. Eigeomsavdelinga har fått i oppdrag å kartleggje bruken av huset og potensialet for å frigjere kapasitet.</p> <p>Ein bør i god tid før samanslåinga avklare kva funksjonar som skal leggjast til Smia på Grodås, ev. også om kapasiteten der kan utnyttast for å avlaste rådhuset i Volda.</p>	<p>Eigeomssjef</p>

<p>Knytt saman med nytilsettingar i dei eksisterande kommunane må ein igjen vere nøye med å presisere at arbeidsstad kan endre seg etter 2020.</p>	<p>Personalavd.</p>
--	---------------------

<b>Aktivitet</b> <b>12. Møteplan i administrativ styringsgruppe</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Frå tidlegare møte vart det lagt fram møteplan som samsvarar med møteplanen til Fellesnemnda – der styringsgruppa møtest to veker før. Planen ser då slik ut;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 28. september 10-12 i Volda</li> <li>• 3. november 12-12 på Smia</li> </ul> <p>Eit møte i oktober kan bli aktuelt. Dette blir vurdert i møtet i september.</p>	<p>RS</p>

Møtet slutt kl. 16.10

Grodås, 24.08 2017



**Joakim Rødven**

*Kommunikasjonsrådgjevar*

*Samfunn og Rådgjeving*

*Tlf 482 29 993*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)